

RUTINESKILDRING

Dette dokumentet er ei nynorsk omsetjing til informasjonsformål. Dersom informasjon i dette dokumentet og i versjonen på bokmål ikkje samsvarer, er det den vedtekne versjonen på bokmål som gjeld.



NORD
universitet

RUTINESKILDRING «Studentar sin bruk av areal ved Nord universitet»

Tittel	Studentar sin bruk av areal ved Nord universitet
Føremål	Sjå til at grupperom, undervisningsrom og fellesområde brukast til det føremålet som dei er sette til
Tilhøyrer prosess	Bruk av areal ved Nord universitet
Ansvar	Eigedomssjef
Skriven av	Eigedomsdrift
Dato revidert	03.04.2020; 19.09.2020; 26.02.2021
Sign. eigedomssjef	15/3-2001 Tomm Sandhoe
Lovtekst	Eigne retningslinjer samt Alkoholloven § 8-9

Rutineskildring

RUTINESKILDRING

- Alle studentar har tilgang til å reservere grupperom ved Nord universitet 24/7. Dette gjerast i det til ei kvar tid gjeldande timeplanverktøyet. Som grupperom gjeld også dei aller fleste seminarromma. Grupperom skal brukast for å studere på, både åleine, men også i kollokviegrupper.
- Alle studentar har tilgang til grupperom og fellesareal ved Nord universitet 24/7 gjennom tilgangskort med kode. Opningstid regulerast likevel av «Opningstidvilkår ved Nord universitet». Opningstid kan også regulerast ved at leiinga avgjer at opningstida kan innskrenkast i samband med hendingar som gjer at opningstida bør regulerast, eller ved pålegg frå styresmaktene.
- Godkjende studentforeiningar ved Nord universitet har høve til å søkje om å reservere seminarrom og auditorium for større og mindre arrangement. Søknad om dette skal skje til Servicetorga på dei respektive studiestadene – www.nord.no/no/om-oss/serviceenheter/kurs-oe-konferansestotte
- Godkjende studieforeiningar skal ha ei eiga e-postadresse og førespurnader skal kome frå denne adressa. Private e-postadresser kan ikkje nyttast.
- Godkjende studieforeiningar ved Nord universitet har høve til å søkje om å bruke areal som disponerast av kantiner ved Nord. Arealet må då vere tilpassa dette føremålet.
- Godkjende studentforeiningar kan søkje om å arrangere tilstellingar, med og utan alkohol. Ved søknad om tilstellingar med alkohol, skal ein følge alkohollova, under dette særleg Alkoholloven § 8-9. Det er ikkje tillate å nyte medbringa alkohol i lokala til Nord universitet. Ved godkjend søknad om tilstelling med alkohol, skal skjenkeløyve liggje føre frå den respektive kommunen. Om godkjend søknad samt skjenkeløyve ikkje ligg føre, vil vektar frå vakselskap, eller andre styresmaktspersonar bringe aktiviteten til opphøyr.

RUTINESKILDRING

- Overnatting ved Nord universitet kan berre skje etter søknad til Egedomsdrift. Personar som overnattar utan løyve kan få inndrege tilgangskortet sitt av vektar, og bortvisast frå universitetet sine område. Inndrege tilgangskort kan hentast ut ved førespurnad til Egedomsdrift.
- Egedomsdrift kontaktast enklast ved å vende seg til e-post;

Bodø	eiendomsdrift.bodo@nord.no
Levanger	eiendomsdrift.levanger@nord.no
Mo i Rana	eiendomsdrift.moirana@nord.no
Namsos	eiendomsdrift.namsos@nord.no
Nesna	eiendomsdrift.nesna@nord.no
Steinkjer	eiendomsdrift.steinkjer@nord.no
Steinkjer	eiendomsdrift.steinkjer@nord.no
Vesterålen	eiendomsdrift.vesteralen@nord.no

